



Byggjinga av den nye barnehagen i Uskedalen går sin gang. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Helene Huse Bjørnebøle, som i oktober skal opna privat barnehage på Dønhaug i Uskedalen, har fått avslag frå Innovasjon Norge på søknaden om tilskot, lån og rentestønad til prosjektet.**

Grunngjevinga for avslaget er mellom anna at Innovasjon Norge har begrensa midlar til rådvelde for bygdeutviklingstiltak og i alle saker må føreta ei prioritering opp mot policy og overordna retningslinjer.

Når det gjeld viddare støtte til fysiske investeringar i barnehage vil Innovasjon Norge ikkje prioritere bygdeutviklingsmidler til slikt tiltak, da Staten har ei eiga støtteordning for byggjing av barnehagar og allereie har ytt tilskot til dette prosjektet.

Dei siste åra har Innovasjon Norge i Hordaland ikkje prioritert å gje støtte til investering i barnehagar og dei har heller ikkje praksis for å finansiera tiltak som er påbegynt.

Heller ikkje vil dei prioritera å gje tilbod om lån til utbyggjinga då tiltaket allereie er finansiert med lån i Sparebank 1. Innovasjon Norge sine retningslinjer gjev ikkje høve til å refinansiere prosjekt, heiter det til slutt i avslaget.

Av Ola Matti Mathisen